



Ivar Holmaas
Sandnesstykket 3
5981 MASFJORDNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/403 - 18/3873

Sakshandsamar:

Kjersti Furnes Soltvedt

kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:

18.06.2018

Utsetting av protokoll for oppmålingsforretning og matrikkelbrev for GBNR 32/88, 32/89 og 32/90

Viser til oppmålingsforretning onsdag 06.06.2018.

Forretninga gjaldt oppretting av tre nye matrikkeleiningar frå gbnr 32/6 og 32/2 der det er gjort vedtak om matrikkelføring utan fullført oppmålingsforretning / utsatt grensemerking. Frist for fullført oppmålingsforretning vart sett til 06.06.2020.

Innmålte grenser er no ført i matrikkelen. Vedlagt er matrikkelbrev for gbnr 32/88, 32/89 og 32/90 og kopi av protokoll for oppmålingsforretning.

Eit matrikkelbrev er ei utskrift av matrikkelen som viser alle registrerte opplysningar om ei matrikkeleining (eigedom) ved oppgitt dato. Matrikkelen er landets offisielle register over fast eigedom. Sjå www.statkart.no for meir informasjon om matrikkelen.

De kan no skriva skøyte på eigedomen. Dette må sendast til tinglysing, «Kartverket Tinglysing, pb. 600 Sentrum, 3507 Hønefoss.» Ein gjer merksam på at skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom ved tileigning/ kjøp av fast eigedom må fyllast ut av kjøpar og leverast kommunen for registrering i matrikkelen, før skøytet kan tinglysast.

Eigedomen er å finna på www.seeiendom.no og www.nordhordlandskart.no

For evt. spørsmål kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 56166297 eller e-post kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Klage:

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, jf. matrikkelova §46.

Klage skal stilast til fylkesmannen, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med helsing

Kjersti Furnes Soltvedt
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

20180403-Protokoll

20180403Kartvedlegg

20180403Signert_partliste

Matrikkelbre 32-88

Matrikkelbre 32-89

Matrikkelbre 32-90

Mottakarar:

Ivar Holmaas

Sandnesstykket 3 5981

MASFJORDNES